

# Styremøte i Silda velforening

på grennahuset 10. juli

Frammøtte: Tore Johansen styreleiar, Unni Silden Hennøen, Paul Sundes

Saker:

## 1. Lift til gatelysarbeid.

Silda Velforening har tidlegare bestemt at vi, trass prinsipp om likebahandling, likevel vil dekke kostnaden med transport av kommunal lift til Silda. Liften skal brukat til skifting av gatelysarmatur. Ole Sætren har i ettertid gitt beskjed om at transporten av liften vert sponsa av Marien Havest.

Vedtak: Silda Velforening vil kreditere Marine Harvest, på vår heimeside/Facebook, med informasjon og bilete når arbeidet nærmar seg slutten.

## 2. Husleige til Silda Grendahuset

Grendahuaset har ikkje bede om husleige men styre finn at vi betaler husleige når vi har årsmøte og andre storarrangement.

Vedtak: Silda Velforening betalar, ubedne, ei husleige på kr 1000 når vi har storarrangement.

## 3. Status karttavle

Vi har heile våren venta på at kommunen vil korrigere kart, som skal verte ein del av kommuneplanen. Paul har, etter avtale med tek.et., levert korrigert bilet over turstiane på Silda. Dette skulle gi eit godt grunnlag for å korrigere Sildakartet. Kommunen har ikkje funne tid til arbeid med kommunedelsplanen får Paul opplyst.

Vedtak: Vi får purre på saka og vone at vi får kartgrunnlag utan å måtte koste det sjølve.

## 4. Medlemsvervning.

Vi i styret meiner at det burde vere fleire som ser nytten av å ha eit felles talsrøyr.

- a. SVel kan vise til ny asfalt som knapt hadde kome, til heile øya, utan eit samla initiativ.
- b. Opparbeidning av stiar og utsetting av kvilebenkar.
- c. Skifing av gatelys, som det ville teke lang tid å få på plass, utan felles initiativ.

Vi må få ei mindre statisk medlemslite, som betre viser kven som betalar medlemsavgift.

Vedtak: Medlemslista må ajourførast kvart kvatal.

Oppmoding om nye medlemmar bør gå ut på heimesida, Facebook og «jungeltelegr.»

## 5. Arrangement i juli

Dugnad 2017. Tradisjonen tru vil vi prøve å organisere til dugnad i veke 29 – 17, 18, 19 el 21 juli  
Får nokon inspirasjon så er det ikkje nødvendig å vente på tillyst dugnad.

- a. Det bør slåast på skuleplassen
- b. Slått langs vegane, for å hindre greset i å vekes inn i vegbana.
- c. Vedlikehald av stien rundt Silda er alt nødvending. (Slåing, klipping rydding)
- d. Stien i Djupevågen er ikkje opna og ferdigmerka til Furevika
- e. Stien rundt Jonshaugen er lagt om og må fullførast.

Grillsamling på skuleplasse har vore gjennomført alle år utanom 2016 (for dårleg ver)

Grillsamling laurdag 22. juli, med litt aktivitet for store og små, veravhengig.

Vedtak: Dugndar og grillsamling vert innkalla via heimeside og Facebook.

## 6. Oppdrettsanlegg ved Silda

Saka vart drøfta og ny informasjon evaluert

- a. Laksemerdane vert liggande i to blanke sektorar frå Silda lykt.
- b. Det vert i dispensasjonssøkanden hevda at kystverk og fiskarlag har hatt saka? Ingen dok.
- c. Merdane må forsynast med straum frå aggregat- støyforurensing. Landstraum er uaktuelt,

- manglende kabelkapasiteten til Silda. Forurensinga, er den vurdert??
- d. Koralrevet i djupekanten aust for Hestehola(100 – 150 m djupn), under nordre planlagt merde. Revet må registrerast og vurderast av Miljøavdelinga. Revet er godt synleg på ekkolodd, men er ikke registrert på kart. Er dette kjendt berre av lokale fiskarar?
  - e. Ferdselsavstanden til anlegget vert i søknaden opplyst å vere 20 m, frå bøyene el. merdane? Ved andre anlegg vert det kravd 150 m avstand.
  - f. Plassering av merdane, i tilsende fotodokumentasjon, er heilt feil. Ligg fleire hundre meter lengre mot aust enn anvist på kart.
  - g. Heile prosessen med søknad og dispensasjon bør utsettast til ny Arealplan for Vågsøy

Vedtak: a. Styret sendere informasjon til Miljøavdelinga med krav om registrering av koralrevet.  
b. Styret sender brev til Vågsøy kommune der det vert kravd raskare handsaming av arealplanen. I dette brevet tek vi med ny informasjon og spørsmål til kommunen.

7. Bygdamøte om oppdrettskonsesjon

Blom Fiskeoppdrett har meldt sin ankomst til Silda i veke 30, 24. eller 25. juli.

Jarl Magne Silden har kontakt med selskapet.

Møtet vert på Grendahuset. Dag og tid vert bestemt i veke 29.

Paul Sundnes  
reff.